

## VEDLEGG 2

### INNSPEL SOM IKKJE VERT ARBEIDA VIDARE MED

Liste tek føre seg konkret innspel og ein liten kommentar frå den politiske styringsgruppa si vurdering på bakgrunn av ynskjer og vurderinga i gjennomført KU- og ROS-analyse. Talet til kvart innspel referera til journalpost i kommunen sitt arkivsystem, dermed er ikkje tal i fast stigande rekkefylgje.

NR.	NAMN INNSPEL	KOMMENTAR
2	Fritidsbustadfelt sør for Bjoreio (gbnr. 17/1)	Innspelet vert ikkje arbeida vidare med, grunngeve i ei omfangsrik utbygging av infrastruktur, elvekryssing og tiltak i urørt friområde.
3	Utviding Åstestølen nord (gbnr. 21/1)	Arbeider ikkje vidare med på grunnlag av at store deler av området er myr.
7 a)	Gondol frå Fossli til Grytehorga	Det vert ikkje arbeida vidare med gondolabling frå ikonpunktet på Fossli til Grytehorga grunna konflikt med etablerte fritidsbustadbebyggelse.
24	Masseuttak Tveito, Måbødalen (gbnr. 21/6)	Innspelet vert ikkje arbeida vidare med då eigedommen ligg nært på Rv. 7, noko som kan gje konflikt med Statens vegvesen sine interesser. Direktoratet for mineralforvaltning peika på at ein bør nytta eksisterande uttak før ein opnar nye. Området er del av kulturlandskapet Eidfjord og det er uklart kva bevegelse i massane vil gjera i forhold til naturfare i området.
27	Omlagging av Hereidsvegen gjennom klyngetun (gbnr. 25/4)	Arbeider ikkje vidare med omlagging av Hereidsvegen. Ny vegløyning vil råka dyrka mark og kulturminner, samt vil det endra opplevinga av dagen klyngetun. Mogleg å begrensa trafikken via andre løysingar; privat veg, alternativt stinett rundt Hereid. Innspelet vert notert til trafikksikringsplanen for eventuelle mindre tiltak.
28	Trapper til Hereidsplatået/Hodna	Innspelet vert ikkje arbeida vidare med i kommuneplan på grunnlag av konflikt med kulturminneområdet på Hereid.  Dog vert innspelet notert til framtidig arbeid med sti- og løypeplan. Sti- og løypenettet vert rettsleg bindande gjennom føresegner til kommunen sin til ein kvar tid gjeldande sti- og løypeplan.
34	Utviding fritidsbustadfelt Bjørkehaugen (gbnr. 19/1)	Ynskjer ikkje opna for ny fritidsbebyggelse grunna stor regulert resserve i området sør for Bjoreio. Faktorar som belastning inn mot nasjonalpark og nasjonalt villreinområde er og teljande faktorar.
45 a)	Utviding fritidsbustadfelt Garslia (gbnr. 18/1)	ROS-analysen syner at området er råka av ras og snøskredfare, arbeider ikkje vidare med innspelet grunna omsyn til naturfare.
53	Tilrettelegging Stavanessanden (gbnr. 25/11)	Går ikkje vidare med innspelet grunna stor rasfare i området. Ved auka tilrettelegging vil ein trekka folk til staden. Kommunen kan i ljøs av lovverket ikkje leggja opp til nyetablering utan å gjera større sikringstiltak på staden.
59	Toppstasjon sal/bevertning Eidfjord Resort, «Amundsen Viewpoint» (gbnr. 19/1)	Arbeida ikkje vidare med innspelet grunna omsyn til nasjonalt villreinområde og tilføring av ferdsel inn mot nasjonalpark.
61	Utviding alpinheisanlegg Eidfjord Resort (gbnr. 19/1)	Ikkje arbeida vidare grunna omsyn til villreinområdet og tilføring av ferdsel i nasjonalpark. Eidfjord Resort har allereie ein reguleringsplan med fem heisnedfartar.
62	Utviding Fetalia (gbnr. 19/1)	Ynskjer ikkje opna for ny fritidsbebyggelse grunna stor regulert resserve i området sør for Bjoreio. Faktorar som belastning inn mot nasjonalpark og nasjonalt villreinområde er og teljande faktorar.

63	Utviding Grov (gbnr. 19/2)	Ynskjer ikkje opna for ny fritidsbebyggelse grunna stor regulert resserve i området sør for Bjoreio. Faktorar som belastning inn mot nasjonalpark og nasjonalt villreinområde er og teljande faktorar.
65	Bustadfelt Stavanæs (gbnr. 25/11)	Arbeider ikkje vidare med innspelet grunna rasfare og større tilrettelegging av infrastruktur til området.
66	Fiskedam Erdal (gbnr. 3/1)	Arbeider ikkje vidare med innspelet grunna spørsmål om tilkomst frå Rv. 7, realisme i prosjektet og spørsmål om behov for andre tenester i tilknytning.
67 74	Akvakultur i Eidfjorden	Forholda i Hardangerfjorden er i utgangspunktet ikkje optimale for akvakultur i sjø. Hardangerrådet er i oppstart med Forvaltningsplan for Hardangerfjorden. Ein vel å ikkje arbeida vidare med innspelet på på bakgrunn av at Hardangerrådet vil gjera eit stykke arbeid her. Ein kan i etterkant av utredninga vurdere å rullera planen for å eventuelt opna for anlegg.
68	Landbruksområde omregulert til næring, Læg Reid (gbnr. 5/13)	Fokus på å bevare dyrka mark, ynskjer ikkje omregulera området. Styringsgruppa vurderar uansett at området ikkje er hensiktsmessig å nytta til næring, då området er tett på bustad, kyrkja og øvrige gardstun
69	Fritidsbustadbygging Viveli (5-6 einingar) (gbnr. 15/1)	Arbeidar ikkje vidare med innspelet grunna omsyn til nasjonalpark, nasjonalt villreinområde, auka ferdsel, føringar frå Regional plan for Hardangervidda og presedens for utbygging i området. Det er ikkje ynskjeleg med vidare utbygging i Viveli.
71	Lysløype gang-/skinett Isdalsvegen	Elementet kan ikkje regulerast i overordna kommuneplan. Innspelet vert teke vidare til framtidig arbeid med sti- og løypeplan for Eidfjord kommune.
72	Kraftverk Juvo, Juvedalen Øvre Eidfjord	Usikkerheita ved ei eventuell etablering er stor. NVE har anbefalt å ikkje regulera inn slike elementer i overordna KPA, når det ikkje føreligg konkrete prosjekteringsteikningar. På noverande tidspunkt er det stor utsikkerheit knytt til plassering av anlegg opp over Juvedalen. Dersom det vert gjeve konsesjon til tiltaket, har ein høve til å søkja dispensasjon frå kommuneplan, eller innlemma forslaget i ei framtidig revisjon av kommuneplanen. Tiltaket vil uansett krevja ei detaljregulering.
76 a	Fritidsbustadfelt Fossli nord (gbnr. 21/3)	Innspelet vert ikkje arbeida vidare med då det er regulert ein større resserve i området som ikkje er realisert per d.d.. Vidare utbygging nordover høgare i terrenger kan koma i konflikt med ikonpunktet ved Vøringsfossen.